
Fra: [redacted] <svare-ikke@dss.dep.no>
Sendt: søndag 31. mai 2020 16.41
Til: Lov-Arkiv
Emne: Høringssvar fra Privatperson på Høring av rapporten Gjennomgåelse av nærmere angitte problemstillinger om inkassoloven - via regjeringen.no

20/796 EP SCH/bj - Høringssvar fra Privatperson på Høring av rapporten Gjennomgåelse av nærmere angitte problemstillinger om inkassoloven - via regjeringen.no

Vårt saksnummer: 20/796 EP SCH/bj

Høring: Høring av rapporten Gjennomgåelse av nærmere angitte problemstillinger om inkassoloven

Levert: 31.05.2020 16:41:02

Svartype:

Gruppering av høringsinstanser: Privatperson

Avsender: [redacted]

Kontaktperson:

Kontakt e-post: [redacted]

Rapporten har vorte skriven av nokon som ikkje har eiga røynsle med inkasso eller tvangsfullbyrding. Det gjer den svak på ei rekke punkt. Her kjem difor nokre naudsynte forslag:

Det må inn konkrete kriterier som definerer inkassoskikk i staden for dagens skjønnsbaserte kriterier. Eit viktig slik forslag, er plikt for inkassator til å delta i

ein felles avtale med fleire kreditorar når skyldnaren har dette. Får eiga røynsle, freista eg forhandle med fem kreditorarar, der berre ein var villeg, medan resten fortsatte maskinelt på inkasso og tvangsfullbyrding. Parallelt nekta ein kommune innsyn i eit bevis uten å få medhald verken hos Sivilombodsmannen eller aktuell Fylkesmann, som ville gi grunnlag for å fremme eit erstatningskrav som ville dekke inn gjelda. Denne plikta må difor vere konkret, ha eit krav til alle kreditorar. Skyldnar må eventuelt kunne kreve at det kan bli oppnemnt ein utenrettsleg meklar frå domstolane eller tilsvarande for å sikre nøytral mekling og sikre at alle deltar og at kostnaden for ei slik begjæring fell på kreditor fordi kravet først blir fremma viss kreditor ikkje deltar i forhandlinga.

Når det i rapporten blir nemnt "særlege grunnar" for å gå til rettslege skritt, må dette vere ei konkret opplisting. Lær av arbeidet med å definere "kritikkverdig forhold" i arbeidsmiljølova sine reglar om varslings. "Særlege grunnar" er og blir eit upresist skjønn som ikkje kan brukast til noko som helst.

Det er også viktig at delbetaling skal gå til å dekke hovudstol og forfalte terminbeløp. Viss ikkje kan gjelda vekse eksponentielt. Slik praksis er no, tener kreditor og inkassoforetak mykje pengar på å gjere skyldnarar til langvarige gjeldsslavar, sjølv om gjelda i starten kan ha vore handterbar. Reglane og praksis i dag, bidrar dermed til å auke andelen som er definert som fattige. For min eigen del, har eg sågar måtte akseptere oppsigelse frå ei godt betalt stilling fordi det blei tatt utlegg.

Vidare må det inn ein stoppregel der både utenrettsleg og rettsleg inkasso kan stoppast i påvente av eit erstatningskrav blir fremma for domstolane. Det kan sikkert innarbeidast vilkår om at erstatningskravet først skal dekke uteståande gjeld. Dette kan vere viktig for å hindre årevis uthalding av saker som kan avgjerast på 1-2 år i domstolane eller med politimelding.

Det er altså heilt naudsynt med fleire slike stopp reglar undervegs i prosessen

for å fange opp situasjonen skyldnaren befinn seg i, slik at denne blir vurdert reelt, faktisk og rettsleg.

Frå mi erfaring har for eksempel lovgivar laga uakseptable reglar i utlendingslova som har påført meg vesentleg gjeld 7-8 år etter at min samboar kom til landet som student og hadde arbeidd mange år i landet. Kravet til dokumentert inntekt kombinert med en tidligere sjef som bryter betydelige rettsreglar med sikte på gjengjelding etter eit varsel, har ikkje berre bidratt til ein umogleg gjeldssituasjon, men også hindra politimelding og erstatningskrav.

Det blir gjort merksam på at den tidlegare sjefen var (og er) ansatt i Bergen kommune medan noverande justisminister var byrådsledar.

Justisdepartementet bes difor førebu og saksbehandle merknaden hos ein settstatsråd for å unngå tvil om habilitet, sjølv om det er mi oppfatning at justisministeren nok politisk vil støtte forslaga.

Alle svar må gjennom en manuell godkjenning før de blir synlige på www.regjeringen.no.